

VÅRE KANDIDATAR

KARI MOSTAD (50) ØYSTESE

«Det skal vera lett å vera miljøvennleg»

Arbeider ved Fylkesmannens landbruksavdeling. Gift, to gutar i tenåra. Hjertesaker: Lokalsamfunnsutvikling, integrering og folkehelse. Grønt næringsliv, jordvern og klassisk naturvern.

ANDERS GEERTSEN (37) ØYSTESE

«Om ikkje no, når då?»

Psykologistudent, båtbyggjar og brannmann. Gift, tre barn. Hjertesaker: Samfunn og beredskap. Balanse mellom forbruk og miljø. Miljøvennleg fokus for all nybygging og rehabilitering.

HENRIK HYSING (34) ØYSTESE

«Nettverksamfunnet skaper nye moglegheiter for distriktene»

Arbeider ved Kvam Ungdomsskule. Hjertesaker er rein mat, lokal økonomi, og utdanning basert på indre motivasjon.

HEIDI RICHARDSON (48) NORHEIMSUND

«Klimautfordringa krev nytenking og handling lokalt, nasjonalt og globalt»

Leiar for museumsavdelinga ved Hardanger fartøyvernssenter sidan 2002. Gift, to gutar i tenåra. Hjertesaker: Miljøvennleg samferdsle; busstilbod, sykkelvegar, og miljøvennleg sjøtransport.

mdg

PROGRAM

- FOR EIT GRØNARE KVAM



LIVSKVALITET



GRØN ØKONOMI



ØKOLOGISK BALANSE



LIVSKVALITET

Å satsa på ein grønare livsstil er eit privilegium me kan velja og ei utvikling me kan styra.

Ei dreining mot mindre forbruk gjev høve til å bruka

mindre tid på arbeid og meir tid til å dyrka interesser og det som er viktig og skapar meining for kvar einskild.

Kjernen i den grønne politikken som MDG står for, er enkel: Økologisk berekraft på kort og lang sikt. MDG ynskjer eit moderne samfunn som utviklar seg utan å rasera naturgrunlaget. Me ynskjer eit samfunn der grønne verdiar pregar alle sektorar og der alle menneske er viktige og vert verdsette. Målet vårt er at folk flest er involvert i lokalsamfunnet og har eigarskap til det som skjer.

Ynskjer du ei ny retning i politikken, der menneske, miljø og livskvalitet står i sentrum, er MDG partiet for deg.



Kvam MDG ynskjer:

-  Oppretthalda og tryggja fruktbar matjord, dyrka mark og mangfald i jordlivet på ein berekraftig og oppbyggjande måte.
-  Stimulera til biologisk mangfald i skogsdrifta.
-  At kommunale innkjøp i størst mogleg grad skal vera frå berekraftige lokale produsentar og forhandlarar.
-  Stø opp om næringshagane og stimulera kunnskapsbaserte bedrifter og bedrifter med berekraftig profil.
-  Gjera grønt entreprenørskap til del av undervisinga i skulen.
-  Sikra rammevilkåra for viktige kulturinstitusjonar.
-  Vidareutvikla gode turstiar og kart, slik at kommunen vert meir attraktiv for tilreisande og samtidig vera eit attraktivt tilbod til fastbuande.
-  Stimulera bedrifter til å ta imot lærlingar. Offentlege anbod skal krevja lærlingar.
-  Jobba for at Kvam vert føretrekt vertskommune når fylket, stat eller næringslivet ynskjer å etablere miljøvenlege pilot- og forskingsprosjekt.
-  Målretta samarbeidet med aktørar på fylkesnivå ved planarbeid og regional utvikling.
-  Gje fritak frå kommunale avgifter ved bygging av miljøvenlege bygg.



ØKOLOGISK BALANSE

Lokalpolitikk er også globalpolitikk. Verda består av lokalsamfunn som i sum bidreg til den samla overbelastninga av livsgrunnlaget vårt. Våre bygder er ein del av dette. Me vil at Kvam herad skal vera ein spydspiss og eit positivt døme på solidarisk tenking i arbeidet for det klimanøytrale samfunnet og for ei framtidsretta utvikling. Ivaretaking av matjord og urørt natur er grunnleggande for å sikra mangfaldet av økosystema på jorda og såleis vårt eige livsgrunnlag.

Fjordhelse er ein av Kvam MDG sine hovudsaker. Ein rik og sunn fjord gjev matsikkerheit for framtida, og sikrar biologisk mangfald og rekreasjon. Nokre elvar står i fare for å mista si stamme av villaks og sjøaure. Dette er eit kraftig varsko. I konflikten mellom næring og natur må oppdrettsnæringa ta større ansvar.

MDG meiner at tida for dei store vegutbyggingane retta mot massebilisme er over. I staden ynskjer me ei offensiv satsing på miljøvenleg samferdsle, med utbygging av sykkelstiar og betre miljøvenleg kollektivtilbod på sjø og land.



Kvam MDG ynskjer:

- ✿ Å halda att alle konsesjonar til nye oppdrettsanlegg til luse-, rømmings- og utsleppsproblematikk er løyst.
- ✿ Å unngå at ureinsa gråvatn vert ført ut i fjorden.
- ✿ Å ha ei praktisk tilnærming til natur og økologi i barnehage, skule og SFO.
- ✿ At alle kommunale verksemdar vert sertifisert som Miljøfyrtårn.
- ✿ Å honorera kompostering av organisk avfall i Kvam.
- ✿ At kommunale tenestebilar i størst mogleg grad skal vera klimanøytrale.
- ✿ Å etablera ladestasjonar for elbilar, elsyklar o.l. i alle dei største bygdene.
- ✿ At Kvam herad i all planlegging vurderer klimanøytrale energiformer til oppvarming.
- ✿ At ein ved kommunale innkjøp og investeringar jamstiller økologi og økonomi.
- ✿ Å bygga ut sykkelstinetet, og leggja til rette for at fleire kan nytta sykkel til skule og jobb.
- ✿ Å styrka busstilbodet internt i kommunen og etablera direktebuss til Arna for pendlarar til/frå Bergen.
- ✿ Å utgreia høve for meir miljøvenleg sjøtransport.
- ✿ Å prioritera rassikring og vedlikehald av eksisterande vegnett.

GRØN ØKONOMI

Økonomi og økologi treng ikkje stå i motsetnad til kvarandre. På sikt er det svært kostbart å skada livsgrunnlaget vårt. Eit moderne samfunn må vera tufta på berekraftige løysingar med verdiskaping som bygger på forskning, ny teknologi og økologisk kunnskap. Me ynskjer eit levande lokalsamfunn der det er kort veg mellom produsent og konsument. Heradet, som ein betydeleg aktør, bør stimulera lokal produksjon ved å handla lokalt og legga til rette for lokale marknader.

Næringsutvikling og entreprenørskap er avgjerande, og kommunen må legga til rette for nyskapande prosjekt med berekraftig profil. Landbruk og skogbruk er framtidretta næringar for Kvam, og må styrkast og utviklast med tilleggsnæringar.

Grønt- og kulturbasert reiseliv etterspør kvalitetar Kvam og Hardanger har; t.d. sykkelruter og turstiar med gode kart, allsidige overnattings-tilbod, kombinert med opplevingstilbod og kortreist mat. Dette har eit stort næringspotensial.

Kulturbasert næringsutvikling er eit viktig satsingsområde. Det kan vera alt frå restaureringsverkstadar og annan kulturminneorientert verksemd til produksjonselskap og utøvarar knytt til film, musikk, bokproduksjonar og festivalar. Dette er kunnskapsbaserte næringsverksemdar som også er med på å gjera Kvam til ein attraktiv stad å bu.



Kvam MDG ynskjer:

- Utvikla sterke og levande bygdesentrum med god arealforvaltning; grøne område, fleirfunksjonelle fellesareal, gangveggar og gode møteplassar.
- Sikra og betra ålmenta sin tilgang til strandsona.
- Styrka dei frivillige organisasjonane, arbeida for vidare utvikling av Grannehjelpa og for ein kommunal plan for frivillig arbeid i Kvam.
- Styrka folkehelsearbeidet og ha fokus på psykisk helse, særleg for ungdom. Styrka Utekontakten sitt førebyggjande arbeid.
- Oppretthalda og styrka ei verdig eldreomsorg som omfattar aktivitet og livsglede.
- Visa solidaritet med menneske i naud og ta imot fleire flyktningar til kommunen.
- Etablerer kommunal flyktningteneste med større fokus på integrering og ha "ut i arbeid" som politisk målsetjing.
- Etablerer tverrkulturelle møteplassar.
- Skapa arenaer for større openheit og deltaking i politiske prosessar.
- Låg terskel for innbyggjarinitiativ og -engasjement.
- Søka medlemskap i Transparency International som arbeider for gjennomsiktighet og mot korrupsjon.